


2018-2021

STRATEGISK PLAN

SAMARBEIDSRÅDET FOR
SUNNHORDLAND



Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS

Visjon

”Saman for Sunnhordland – ei kraft for vekst og utvikling”

Verdiar

Raus
Open
Modig

Ambisjon:

Me set dagsorden!

Føremålet med Samarbeidsrådet for Sunnhordland

- § 1 Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Selskapet har forretningsadresse i Stord kommune.
- § 2 Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremja utviklinga av Sunnhordland, og leggja dei fram til drøfting og utgreiing.

Føremålet vert konkretisert m.a. gjennom desse oppgåvene:

1. Fremja Sunnhordland sine interesser
2. Fremja og samordna tiltaksarbeid i Sunnhordland med særleg vekt på regional utvikling, næringsutvikling og infrastruktur
3. Vera pådrivar for betring av kommunikasjonstilhøva i Sunnhordland
4. Utvikla ei samordna og effektiv marknadsføring av Sunnhordland
5. Vera pådrivar for kultur – og identitetsskapande tiltaksarbeid
6. Arbeida for kommunane sine rammevilkår



Samarbeidsrådet – regional utviklingsaktør

Samarbeidsrådet er ein sentral regional utviklingsaktør og politisk samarbeidsorgan som skal driva aktiv påverknad for å sikra regionen og den einskilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål.

Vår visjon *“Saman for Sunnhordland – ei kraft for vekst og utvikling”* skal synleggjera at kommunane står saman for at Sunnhordland skal vera ein sterk og framtidsretta region, som det skal vera interessant å arbeida, ta utdanning og busetja seg i.

For at Samarbeidsrådet skal nå sine mål – er det viktig å danna strategiske alliansar med naboregionane, Bergens-regionen, Hardanger-regionen og Haugalands-regionen.

Ei stor utfordring ligg i å utvikla ein region som ikkje er sårbar i høve til svingingar i næringsaktivitet og sysselsetjing. Ei anna utfordring er å sørgja for at behovet for ulik kompetanseheving og fornying av kompetanse innanfor den varierte næringsaktiviteten me har i Sunnhordland vert dekkja.

Samarbeidsrådet vil også vera aktive for å ta del i det grønne og blå skiftet og nytta dette som eit føremon for utvikling av regionen.

Det vil kontinuerleg dukka opp saker som krev felles drøfting og uttale eller handling frå regionrådet. Det kan vera spørsmål av felles interesse for heile regionen eller spørsmål som er viktig for den einskilde kommune, der ein kan ha nytte av å få regionen med seg.

Overordna mål for perioden 2018 – 2021

“Samarbeidsrådet skal vera den fremste aktøren og ein naturleg partner for å skapa eit nytt kraftsenter på Vestlandet ”

Korleis planen er bygd opp

Det vert lagt opp til to kategoriar på satsingar dei neste fire åra:

***Hovudsatsing**

***Viktige utviklingsoppgåver i regionen**

Hovudsatsingane vert **infrastruktur, regional utvikling og strategiske alliansar**. Desse satsingane vil i stor grad måtte finansierast av statlege og fylkeskommunale og kommunale midlar.

Vidare er det definert 4 sentrale regionale utviklingsoppgåver; **Kompetanse, Helse, Næringsutvikling og Bulyst**. Dette er satsingar som krev statlege, fylkeskommunale og kommunale midlar i tillegg til private.

Det vert utarbeidd årlege handlingsplanar ut frå Strategisk plan.

HOVUDSATSING	INNSATSOMRÅDER	STRATEGIAR
INFRASTRUKTUR	E39 Hordfast	<ul style="list-style-type: none"> - Kortast reisetid mellom Stavanger og Bergen - Anleggsstart 2021-22 - Planmidlar E39 Heiane-Ådland
	E134 aust-vest	<ul style="list-style-type: none"> - Byggjstart Seljestad-Røldal i første periode i NTP. - Planmidlar og auka prioritering Bakka-Solheim
	Arm til Bergen	KVU
	«Bussen i Sunnhordlandsbassenget»	Nullutslepp på framtidige hurtigbåtar
	Ferjesamband	<ul style="list-style-type: none"> - Innkorting av ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad - Frekvens og stabilitet - Ferjereisande kan ikkje åleine bere kostnaden med god miljøtilpassing i Hordaland
	Kollektivtransport	Framtidsretta kommunikasjonar for hurtigbåt og buss
	Sunnhordlandsruta	Framtidsretta hurtigbåt
	Straumnett	Stabilt straumnett Kapasitet til vekst
	Breiband	Full dekning
Fylkesvegar	<ul style="list-style-type: none"> - Fleire fylkesvegar klassifisert som overordna - Midlar til vedlikehald av vegnett - Ferjeavløysingsmidlar 	
REGIONAL UTVIKLING	Statlege arbeidsplassar	Samla for nye arbeidsplassar til regionen.
	Vestlandsregion	<ul style="list-style-type: none"> - Politisk leiing set dagsorden - Auka samarbeid med naboregionane - Rogaland som ein del av Vestlandet

	Arbeida for betre rammevilkår	Tett dialog med næringslivet og sentrale mynde
STRATEGISKE ALLIANSAR	Styrka samhandling mellom regionane	<ul style="list-style-type: none">- Felles strategi med naboregionar- Bjørnafjorden kommune inn som assosiert medlem- Etablere tydelegare og meir konkrete «avtalar» med Haugalandet og Hardangerrådet

UTVIKLINGSOPPGÅVER	INNSATSOMRÅDER	STRATEGIAR
KOMPETANSE	Teknisk fagskule/ingeniørutd.	Vidareutvikla tilbodet i saman med industri/næringsliv
	Høgskulen på Vestlandet	<ul style="list-style-type: none"> - Forsking - Nye utdanningar - Breidde i val av utdanningar
	Folkehøgskule på Stord	Arbeida for folkehøgskule på Stord
	FoU	<ul style="list-style-type: none"> - Fleire FoU prosjekt i regionen - Auka fokus på det grønne og blå skiftet - Marine og maritime næringar
	Vidaregåande skule	<ul style="list-style-type: none"> - Sikra dei vidaregåande skulane i regionen - Fleire lærlingplassar - Nye utdanningar
	Møteplass for kompetanseutvikling	Samarbeid næring, academia og politikk
	Arbeidslivserfaring	Kunnskap om moglegheitene for å sikra dei som fell utanom.
HELSE	Friskliv/folkehelse	<ul style="list-style-type: none"> - Samarbeid om vidareutvikling av frisklivskonsept. - Knyta reiselivssatsing mot folkehelse. - Fokus førebygging og rehabilitering.
	Helseføretak	<ul style="list-style-type: none"> - Sikra rammer for Helse Fonna - Stord sjukehus og Valen sjukehus. - Sikra rammer for Revmatismesjukehuset - Styrka spesialisttilbodet Beredskap - Utvikla samarbeidsavtalar på viktige områder - Fokus på omdømme av sjukehusa - Sikra gode og nære helsetilbod

UTVIKLINGSOPPGÅVER	INNSATSOMRÅDER	STRATEGIAR
NÆRINGSUTVIKLING	Reiseliv/kultur	Vidareutvikla Sunnhordland som ein berekraftig reiselivsdestinasjon
	Prosjektutvikling	Proaktive i dei moglegheitene som ligg i prosjektutvikling
	Hav, fiske og marinteknologi	Rammer for utvikling av havnæringa og sikra berekraftig utvikling i eksisterande anlegg.
	Energi og Miljøteknologi	<ul style="list-style-type: none"> - Sunnhordland kjent som den grønne regionen. - 1 anlegg for datalagring til regionen
	Møtepunkt med næringslivet	<ul style="list-style-type: none"> - Utvikla nye møteplassar - Utvida møteplassar
BULYST	ABS(K) region	Kultur som lim i regionen.
	Kommunikasjon	<ul style="list-style-type: none"> - Omdømmebygging - Betra tilbodet innan buss/båt i regionen
	Rekruttering	Sikra rett kompetanse til arbeidslivet.
	Kystperleriket	Gode bumiljø